



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf.: 93004685

Vår ref.

Sak nr.: 15/168-62
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19094/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 26.05.2015

Adresseliste

Svar - tiltak i statlig sikra friluftslivsområde (kap. 1420 post 78)

Fylkeskommunen disponerer midlar til tiltak i statleg sikra område, løyvd over statsbudsjettet Kap. 1420 post 78 (Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet). Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ei tilskotsråme på 370 000 kroner for året 2015.

Fylkeskommunen har motteke 2 søknader. Samla er det søkt om 860 000 kroner.

Bakgrunn

MD har gjeve retningsliner for bruken av midlane gjennom rundskriv T-1/14 «Tilskotsordningar for 2015». Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Tilskotsordninga skal medverke til å fremje friluftsliv i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter markalova. Gjennom naturvenleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Midlane skal nyttast til opparbeiding av området, tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde. Relevante kriterium for prioritering av søknader er om dei ligg i og ved byar og tettstader og om dei blir eller har potensiale for å verte mykje brukt.

For å få tilskot må tiltaket inngå i ein gjeldande og godkjent forvaltningsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. Forvaltningsplanen skal vere utarbeida etter Miljødirektoratets «Mal for forvaltningsplan for statlig sikret friluftslivsområde». Unntak frå kravet om bruk av mal gjerast der kommune eller friluftsråd på eige initiativ har utarbeida forvaltningsplan. Det er da ein føresetnad at planen inneheld dei opplysningane som ein ber om i malen, og at forvaltningsplanen gjeld den aktuelle planperioden. Fylkesmannen godkjenner forvaltningsplanen. Fylkeskommunen kan stille vilkår for gjennomføring av tiltaket.



Vurdering

Opparbeiding og utviding av parkeringsområde på Langeland ski og fritidssenter		Omtale	Vurdering
Journalpost	15/168-44	Opparbeiding av parkeringsplass som er nytta av publikum som nyttar opparbeidde skiløyper og stiar. Aktivitet sommar og vinter. Potensielle brukarar kvart år er 120 000. Forvaltningsplan godkjent av fylkesmannen i Sogn og Fjordane.	Tiltaka innanfor kriteria for tilskot. Tiltak med regional effekt. Godkjent forvaltningsplan.
Søkjjar:	Gaular kommune – skule og kulturetaten		
Søknadssum:	Kr. 410 000		
Totalbudsjett	Kr. 852 000		
Løyvde mildar	Kr. 370 000		

Natur- og kultursti på Brendøya og Prestøya – del 2		Natur og kultursti i eit særprega kultur- og naturlandskap i nærleiken av Florø by. Hovudstien skal vere tilrettelagd for alle brukargrupper. Potensielle brukarar kvart år er 8000. Forvaltningsplan ligg føre, men denne er ikkje godkjent av fylkesmannen i Sogn og Fjordane.	Tiltaka innanfor kriteria for tilskot. Tiltak med hovudeffekt innanfor ei kommune. Legg til rette for bruk av alle brukargrupper. Ikkje godkjent forvaltningsplan.
Journalpost	15/168-27		
Søkjjar:	Flora kommune		
Søknadssum:	Kr. 450 000		
Totalbudsjett	Kr. 649 344		
Løyvde mildar	Kr. 0		

For 2015 får søknad med referansenummer 15S7059D Langeland ski og fritidssenter – Opparbeiding og utviding av parkeringsområde tildelt kroner 370 000, noko som er 100 % av dei tilgjengelege midlane for 2015. Dette betyr at søknad med referansenummer 15S4831D Brendøya – Natur- og kultursti på Brendøya og Prestøya – del 2, ikkje får tildelt midlar for 2015. Vi oppmodar Flora kommune om å søkje om mildar på nytt i 2016.

Det er teke stilling til kva tiltak som får tilskot, ut i frå formålet med ordninga og mål og satsingsområde i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I tillegg vert tiltak som har regional karakter prioritert før lokale og nasjonale tiltak. I og med at begge søknadane ligg over den totale potten for tildeling har vi valt å tildele alle midlane til eit prosjekt. Då vil vi kunne oppnå at det prosjektet fullt ut vert gjennomført. Vi vurderer dette til å vere ein føremålstenleg framgangsmåte, og betre enn å dele midlane opp på fleire utan at desse då får fullført prosjekta.

Der vi har gjeve ein søknad avslag eller redusert tilskot kan andre ordningar vere aktuelle for å få fullfinansiert prosjektet eller få starta opp med tiltak i tråd med forvaltningsplanen. Aktuelle ordningar er:

- Spelemidlar, sjå informasjon om dei på fylkeskommunen sine heimesider [her](#).
- [Gjensidigestiftelsen](#). Neste søknadsfrist på ordinære midlar er 15. september 2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune er i samarbeid med Gjensidigestiftelsen med på det nasjonale «[Turskiltprosjektet](#)». Søknadsfrist ein gong i året, 15. februar
- [Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane](#), forenkla søknad kan sendast inn fortløpande, fullstendig søknad har to fristar i året, 01. mars og 1. september.

Generelle vilkår for løyvingane

Med grunnlag i rundskriv T-1/14 er det sett følgjande vilkår for løyvingane:

- Tiltak vert starta opp snarast og seinast innan 01.09.2015.
- Det skal førast rekneskap for prosjektkostnadane slik at kostnadane kan jamførast med det som er budsjettert i søknaden.
- De kan, etter oppstart av prosjektet, søkje om delutbetaling av inntil 75% av tilskotet. (ved oppmoding om delutbetaling må de vise til både konto- og organisasjonsnummer)
- Sluttutbetaling av tilskot vil skje når fylkeskommunen får tilsendt sluttrapport om tiltaket (rapportskjema finn de som vedlegg).
- Tilsegna vert trekt attende om det ikkje ligg føre sluttrapport innan 1. mars 2016.
- Dersom prosjektet får eit mindre omfang enn planlagt, kan tilskotet verte tilsvarande avkorta.

Fylkeskommunen fører kontroll med at utbetalt tilskot vert nytta i samsvar med føresetnadene. Fylkeskommunen kan krevja tilbakebetaling av midlane, dersom det vert avdekka at tilskot vert nytta i strid med føresetnadane.

Rekneskapsdata og dokumentasjon må takast vare på av søkar og vert også arkiverte hjå fylkeskommunen.

Dersom vilkåra ikkje vert aksepterte, må det gjevast melding om dette innan 6 veker etter at dette brevet er motteke. Fylkeskommunen fører tilsyn med at utbetalt tilskot vert nytta etter føresetnaden og kan om dette ikkje er tilfelle, krevja dei tilbakebetalte. Er det elles spørsmål, om vilkår o.l., ta kontakt. Lukke til med tiltaket!

Klagerett

De kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at de fekk dette brevet jf forvaltningslova §§ 28-29. Ei eventuell klage skal sendast til fylkeskommunen. Klaga bør vera grunngitt, jfr. § 32 i forvaltningslova.

Ta kontakt med fylkeskommunen dersom det er trong for meir informasjon om klageretten og framgangsmåten kring ei klage.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Torbjørn Hasund
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Gaular Kommune 6973 SANDE I SUNNFJORD
Flora kommune Reidun Toft Markegata 51 6900 FLORØ

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER